



## UTLÅN AV SKULEROM<sup>®</sup>

Gjeldande frå 1.6.09

1. Kommunen skal vederlagsfritt låna ut skuleanlegg til undervisning, kulturelle og sosiale aktivitetar.
2. Søknad om utlån vert sendt til rektor som administrerer ordninga. Faste avtalar gjeld til avslutning av skuleåret.
3. Bruken av skuleanlegget må ikkje føra med seg ulemper for undervisninga. Ved avslutta leigedag skal romma vera møblert og rydda slik som ved start. Dette gjeld også skulen sitt uteareal.
4. Røyking og bruk av rusmidlar er ikkje tillede i bygningane eller på skulen sitt uteområde.
5. Ansvarleg låntakar skal vera over 18 år, og må gjera seg kjend med og fylgja dei reglar m.a. branninstruks som gjeld for utlån av dei ulike rom/anlegg. Låntakar er økonomisk ansvarleg for evt. skade som vert påført på anlegg og utstyr. Ved skade skal det straks meldast til rektor.
- 6 For utlån til kommersielt bruk skal det sendast søknad til kommunen ved rådmann via skulen.
7. Det kan gjerast tilpassingar med låsesystem slik at delar av bygget vert meir eigna til utlån.

## BRANNINSTRUKS

- 1. Brann må varslast til brannvernet over telefon nr. 110.**
- 2. Få ut alle som er truga av røyk og eld.**
- 3. Gjer det du kan for å sløkke brannen.**
- 4. Lat att dører og vindauge.**
- 5. Møt brannvernet når dei kjem og gje dei informasjon.**

\*\*\*\*\*

Brannvernet

## 4.10. INSTRUKSAR OG INNSATS VED BRANN FOBTOT §3-4, §2-2, HMS §5, pkt 6

### 4.10.1 INTERN FORDELING AV OPPGÅVER Kven gjer kva når det brenn?

Merknad [R1]: §2-5: Instruksar og planar m.v. Ordensreglar som regulerer førebyggjande og bekjempende tiltak, skal utarbeidast og iverksetjast for eit kvart særskilt brannobjekt av eigar/brukar. I tillegg skal det for objekt av type a, utarbeidast redning og beredskapsplanar.

#### Varsling

- Når nokon oppdagar brann lyt alle straks varslast med (brannalarm/det vert gjeve personleg melding). Den til ei kvar tid øvste ansvarleg (ØA) eller den som oppdagar brannen varslar brannvernet på tlf: 110.

#### Evakuering

- Gruppeansvarleg/klassestyrar skal samle sine barn/elevar i to rekker og følgje desse *roleg* ut, finn raskaste vegen ut, er det røyk, bruk alternativ rømmingsveg. Hugs å lukke dører og vindauge, dette kan avgrense brannen. Det viktigaste er at alle kjem seg ut av bygget.
- SAMLINGSPLASS er ved ballbana mot gymnaset på uteplassen. Øvste ansvarleg (ØA) eller den han peikar ut utfører oppteljing av alle.

På samlingsplassen er det viktig at alle er rolege, og at det er minst mogleg støy. Ingen forlet plassen før ØA har gjeve melding om dette.  
Dei vaksne som ikkje har ansvar for barn melder seg straks til ØA på uteplassen.

- Dersom nokon er sakna lyt ØA organisere ssk. Tenk eigen tryggleik.

#### Sløkking

- Dersom brannen er liten og du trur du greier å sløkkje, finn fram nærmeste sløkkemiddel, forsök å sløkke brannen (vatn er best). Situasjonen lyt vurderast. Er det for mykje røyk eller eld; steng dører og forlat bygget.

Brannvernet brukar ca 12 minutt til skulen. Dersom det er mogleg, prøv å eventuelt å avgrense brannen med tilgjengeleg sløkkjeutstyr.

#### Informasjon til brannvernet

- Når brannvernet kjem på plassen, lyt ØA ha oversikt over situasjonen og informere leiaren for brannvernet om:  
At alle er kome ut, eventuelle sakna og kor dei kan opphalde seg  
Kvar det brenn i bygget, eventuelle angrepstegn for sløkking.  
Kvar ein finn nærmeste sløkkjevatn

Det er viktig at ØA straks orienterer seg om situasjonen, og veit kva situasjonar som kan oppstå, og kva som lyt gjerast. Ein lyt difor ha svd på rutiner som sikrar at dette er gjennomtenkt.